



Jan Rune Hosøy
Heltveitvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1351 - 19/15235

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
20.05.2019

Utsleppsløyve for 4 tomter - gbnr 10/16 Rødland

Administrativt vedtak: **Saknr: 298/19**
Byggestad: Gbnr: 10/16
Tiltakshavar: Jan Rune Hosøy
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 4 nye bustadtomter på gbnr 10/16 innafor reguleringsplanen Sjunneset. På den eine tomta står det eit bustadhus. Sjølv om dette huset har godkjent avløpsanlegg i dag, kan krav om tilknytning til fellesanlegg påreknast. Tomtene skal knytast til eksisterande utsleppsleidning til sjø via separate slamavskiljarar.

I samband med avvist delingssøknad skreiv kommunen:

Kravet er at utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta skal ligga føre. Avtale om plassering av avløpsanlegg og leidningar på andre eigedommar må vera på plass.

Det må leggjast fram ei løysing for vatn og avløp for heile planområdet. VA-rammeplanen som er lagt fram med reguleringsplanen viser 4 utsleppsleidningar frå området. Det må leggjast opp til fellesanlegg med ein utsleppsleidning på sikt. Helst bør eit slikt anlegg prosjekterast og byggast før vidare bygging i planområdet. Minimumskravet for få dela frå tomtene er at fellesanlegg er vist i utsleppssøknad for dei 4 tomtene, slik at utsleppet utgjjer første byggetrinn av fellesanlegget.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 40 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.04.2019.

Planstatus

Tomtene ligg i regulert område SJURNESET, og er dei 4 nye tomtene som er med i planen.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, med grunngeving at utsleppspunktet er 60 m frå land på 25 meter djupne.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 10.04.2019.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedommane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedomane skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegg fram til fellesanlegg (eksisterande utsleppsleidning) er plassert på, på gbnr 10/16, som tomtene skal delast frå. Utsleppsleidningen går over gbnr 10/6 fram til utsleppsstaden.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 01.02.2019 mellom tiltakshavar og eigar av gbnr 10/68 om rett til å knyta dei nye tomtene til eksisterande utsleppsleidning.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedomane i samband med overdraging av dei nye tomtene.

VURDERING

Søknaden gjeld auka utslepp til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 40 pe samla sett, og er å vurdera som eit mindre anlegg. Reinseløysinga er i samsvar med dei krav som er sett for utslepp i området og stettar krava til utslepp i mindre følsamt område. Det er ikkje kommunalt avløpsanlegg i området.

Søknaden oppfyller det minimumskravet som kommunen har sett til avløpsløysing for desse 4 tomtene.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt som viser prinsipp for tilknytning. Meir detaljert plassering må visast når anlegget skal byggast. Då bør alle tomtene få ei felles påkopling til eksisterande utsleppsleidning inne på gbnr 10/16 som tomtene skal delast frå.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5, vert det gjeve utsleppsløyve for 4 nye tomter på gbnr 10/16 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå tomtene skal reinsast i slamavskiljarar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.**
- 2. Utsleppet vert godkjend med ein auke på 4 x 5 pe = 20 pe.**
- 3. Slamavskiljarane skal plasserast slik at dei kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 6. For vidare bygging innafor reguleringsplanen, ut over desse 4 tomtene, skal det ligga før godkjent VA-plan for heile planområdet.**
- 7. Eigedommane skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 8. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marit Hosøy Gialousis	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Randi Hosøy	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Øystein Hosøy	Hosøyvegen 31	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Jan Rune Hosøy	Heltveitvegen 9	5993	OSTEREIDET
----------------	-----------------	------	------------